

# Ættleiing – ein ny sjanse for dei uektefødde

Sigrun Høgetveit Berg, fyrsteamanuensis UiT Noregs arktiske universitet

Nv ma maðr bota rað sonar síns *ok* leiðar ham i æt ef hann vill ef sa iattar er arfe er nestr<sup>1</sup>

Å *ættleie* tyder å gje barn fødde utanfor ekteskap – såkalla uektefødde barn – arverett ved å «leie dei» inn i ætta.<sup>2</sup> I landskapslovene kunne den ættleide ta arv jamsides med den ektefødde, men etter kvart som kyrkja sitt syn på ekteskap vann fram gjennom mellomalderen, endra også synet på uektefødde barn seg. Kyrkja si ekteskapslære sette spor etter seg i alt lovverk, også i Landslova, og etter 1274 vart den ættleide flytta ned i andre arveklasse i arvetalet. Å vera uektefødd var framleis ikkje ein ubøteleg start på livet, men ifølgje kanonisk rett kunne det ikkje vera jamgodt med å vera fødd innanfor eit lovleg inngått ekteskap.

Så korleis verka dette i praksis? I denne artikkelen skal me gå til diplommaterialet for å sjå etter kven som ættleide, kven som vart ættleidd – og kva sa dei andre arvingane? Og korleis ser Landslova si endring i ættleiingsinstituttet ut til å ha vorte motteke utover på 1300-talet?

## Frå landskapslovene til Landslova

Men først må me sjølvsagt sjå kva som stod i lova. I landskapslovene var ættleiing først og fremst eit institutt for å føre ufrie trælborne ungar til arv i farsslekta. Gulatingslova skilde mellom *hornungr* (son av ei fri kvinne som openlyst var farens frille), *risungr* (son av fri kvinne som var hemmeleg frille) og *þýborinn* (trælkvinneson), medan Frostatingslova berre opererte med son av fri kvinne og son av trælkvinne.<sup>3</sup> Men på same måten som kyrkjias syn på ekteskapet trengde inn i norsk rett, gjorde kyrkjias syn på trældomen også dét – og trældomen vart, i lova i alle fall, borte. I

---

<sup>1</sup> Landslova, V, 8:493. Omsetjing Taranger 1915, V, kap. 8, 1: «Saaledes kan en mand bøte paa sin søns vilkaar, at han ættleder ham, om han vil, hvis den nærmeste arving samtykker.»

<sup>2</sup> Hamre m.fl. 1976:603.

<sup>3</sup> Gulatingslova, 58:69–70; Frostatingslova, IX, 1:137.

Landslova er det såleis berre spørsmålet om uekte ungar – dei som ikkje er *skilgetnir* innanfor eit lovleg inngått ekteskap – som blir tematisert.<sup>4</sup>

Me har ingen spor i diplomaterialet etter korleis ættleiingsreglane i landskapslovene vart følgde i praksis. Men den vidare utviklinga av ættleiingsinstituttet i Landslova – og i Magnus Lagabøtes andre lovverk, Járnsiða og Jónsbók – syner at spørsmålet om ættleiing har vore sentralt for dei norrøne samfunna. Korleis ein skulle handtere den arverettslege statusen til uektefødde ungar, og med dét, korleis ein skulle forstå slektskapsrelasjonar, var nært knytt til synet på ekteskap.<sup>5</sup> For kva var i følgje kyrkja eit lovleg ekteskap, og med det eit ektefødd – skilgetit – barn, når Magnus Lagabøte utforma lovverket?

Gjennom arbeidet til dei kanonisk rettslærde fekk kyrkja gjennom 1100- og 1200-talet ei tydelegare og meir einskapleg lære på mange felt – så også i synet ekteskapet. Kort fortalt gjekk det føre seg ei samordning av den såkalla sekulære ekteskapsmodellen, ein allianse mellom to slektsgrupper, og den kyrkjelege modellen, der ekteskap vart sett på som eit sakrament, innstifta av Gud og såleis uoppløyselig. Det vart etterkvart semje om at både samtykkje, *consensus*, og seksualakta, *consummatio*, var avgjerande for at ekteskapet skulle vera gyldig, men ulike rettslærde la ulik vekt på dei to elementa. Den såkalla «franske modellen» under pave Alexander 3. (1159–1181), med samtykkje som den viktigaste handlinga, vann fram. *Ordet* avgjorde – kvinna og mannen skulle begge, på fritt grunnlag, seia seg samde om ekteskapet for at det skulle vera gyldig. Først samtykkje gjennom *verba de futuro*, det var å rekne som ei truloving, og når dei deretter sa kvarandre ja *verba de presenti*, var ekteskapet eit juridisk bindande faktum.<sup>6</sup> Uektefødde ungar av trulova vart ektefødde når foreldra gifta seg (*legitimatío per subsequens matrimonium*). Sjølv om denne kyrkjelege ekteskapsmodellen vann fram, blir samstundes fleire av dei sekulære aspekta ivaretekne gjennom den økonomiske og politiske kontrakten ekteskapet også var. Samtykkjelæra var eit kompromiss, ein manøvrerbar mellomveg.<sup>7</sup> Det vart likevel eit problem for kyrkja og domstolane at ekteskapet ikkje var inngått med ein seremoni med vitne, for det gav rom for diskusjon i ettertid; hadde orda kome i rett tid og med friviljug samtykkje? Det fjerde laterankonsilet i 1215 vedtok difor at ja-seiinga skulle skje i kyrkjas åsyn – *in facie ecclesie*, og saman med Alexander 3. sitt

---

<sup>4</sup> Landslova, V, 8:493–496.

<sup>5</sup> Slike spørsmål er sjølvsagt sentrale i alle samfunn, men i resten av Norden er sjølve ættleiingsomgrepet, eller «å leie i ætt», einast nytta i dei eldste landskapslovene, og då først og fremst, som i Noreg, knytt til å føre trælborne inn i faren si ætt. Omgrepet forsvinn i den danske Jyske lov og den svenske Magnus Eriksons lands- og bylov, men der er det andre rettsreglar for å gje uektefødde arverett. I Grágás på Island, som var betydeleg meir påverka av kanonisk rett i kristenrettane enn dei eldste norske landskapslovene, var det inga opning for å ættleie barn, korkje træljar eller uektefødde. Var du fødd utanfor ekteskap, kunne du ikkje seinare legitimerast. Men då Jónsbók kom følgde den i det store og heile ættleiingsreglane i Landslova. Hamre m.fl. 1976.

<sup>6</sup> Jørgensen m.fl. 1976:483.

<sup>7</sup> Bandlien 2001:203.

samtykkjekriterium vart dette hovudgrunnlaget for den kanoniske ekteskapslovgevinga. I tillegg var det ei rekke vilkår som på førehand måtte vera til stades, for at to partar kunne sameinast i ekteskap – til dømes at dei ikkje var for nære i slekt. Dét vart utgangspunktet for mange konflikhtar knytt til ikkje-lovleg samliv, uekte fødsel og påfølgjande arvestridar, men det er altså ikkje slike type saker denne artikkelen handlar om.<sup>8</sup>

Erkebiskop Jon Raude følgde opp kyrkjas program og foreslo i sin kristenrett frå 1273 å lovfeste kyrkjeleg vigse av ekteskap.<sup>9</sup> Fram mot vedtakinga av Landslova vart som kjend Jon og kong Magnus ikkje samde om kristenrettsbolken, men lova syner tydeleg korleis ekteskapet framleis også er ei økonomisk avtale, slik det er omtalt i dei første kapitla i arvebolken.<sup>10</sup> Og ekteskap blir eitt av stridstema, når stormennene i formyndarstyret yter motstand mot kyrkja – og det forliket kyrkja og kongen kom fram til med Sættargjerda i Tønsberg i 1277 – etter at Magnus døyr i 1280. Men uavhengig av korleis ein tolka eit gyldig ekteskap, ville det alltid vera ungar som var fødde utanfor desse alliansane, og difor var det behov for ættleiingsinstituttet.

Eit viktig vilkår for å kunne ættleie nokon, var at dei andre arvingane i same arveklassen samtykte i ættleiinga.<sup>11</sup> I landskapslovene kunne altså dei ættleidde bli likestilte med søner i første arv, medan i Landslova vart den ættleidde flytta ned i andre arveklasse – også under soneson og ektefødde døtrer. Til skilnad frå landskapslovene vart ikkje risungar og tyborne lenger nemnde, men Landslova spesifiserte at samtykket frå dei andre arvingane ikkje kunne gjevast på vegne av rette arvingar som enno var umyndige eller enno ikkje fødde, slik tilfellet hadde vore i landskapslovene.<sup>12</sup> Både menn og kvinner kunne etter Landslova ættleie og bli ættleidd.<sup>13</sup>

Sjølve ættleiinga skulle utførast ved ein bestemt seremoni. Landskapslovene føreskreiv å kalle inn til gjestebod, der det skulle bryggjast øl og slaktast ein okse, som ein deretter skulle bruke skinnet frå høgre bakfot til å laga ein sko av.<sup>14</sup> Denne skoen skulle faren, den som vart ættleidd og dei andre arvingane etter tur stiga i, samstundes som faren hadde umyndige søner på fanget. Dei ulike lovtekstane har litt ulik ordlyd om dette, men grunnleggjande skildrar dei ein seremoni som manglar sidestykke. Mathilde Wergeland, den første nordiske kvinna som i 1890 disputerte på eit

---

<sup>8</sup> Sjå elles til dømes Holtan 1996, Riisøy 2000 og Berg 2004.

<sup>9</sup> Jørgensen m.fl. 1976:494.

<sup>10</sup> Landslova V, 1–6:429–465.

<sup>11</sup> Lovene var inndelte i arveklassar, det vil seia at grupper av arvingar var graderte i høve til detaljerte reglar. I Landslova var det 13 arveklassar, med ulike type arvegrupper innanfor kvar klasse. Heile rekka med 13 klassar vart kalla arvetalet. (*Landslova V*, 7.)

<sup>12</sup> Kleven 2001:131–132.

<sup>13</sup> I DN I: nr. 253, 11. september 1338 ættleier Margareta Filippusdotter sonen sin, Jon (som ho hadde med sira Halldor Jonsson), og i DN II-378, 23. januar 1364, ættleier sira Ivar Trondsson dotter si, Ingeleiv. I DN I: nr. 295, 17. juli 1345 får me veta at sira Håkon har ættleidd dotter si, Borghild.

<sup>14</sup> Gulatingslova, 58:69–70; Frostatingslova, IX, 1:137.

rettsvitskapleg arbeid,<sup>15</sup> om nettopp ættleiing, kommenterte denne skikken som «fremmed og ufatteligt».<sup>16</sup> Ho hadde håpa gjennom arbeidet med avhandlinga å finne andre føredøme for denne seremonien, kanskje kunne ho «finde en Urform for uægteføds Legitimation». Men «trods al Flid og Søgen» fann ho ingenting som likna, og ho konkluderer med at skoen må vera eit slags heilag symbol sidan han er laga av offerdyrets hud, og at oppfatningar om å «gå i nokons sko», altså i nokons fotspor, såleis refererer til at ein skal vera arving og etterfølgjar. Likevel, skriv ho, i «hvilket Forhold nu dette staaer til Ceremonien selv, og hvilken Betydning det har for den ættledede, det maa foreløbig forblive uopklaret».<sup>17</sup>

I Landslova, derimot, var den noko mystiske skoen borte, medan *ordet* tek over. Knut Robberstad meinte at «Magnus Lagabøte likte nok ikkje desse halv-heidenske drikkelagi, og fastsette at ættleidingi skulde gå for seg med kyrkja, med eid på bok.»<sup>18</sup> Ættleiaren, den uektefødde og dei andre arvingane skulle møtast framom kyrkjedøra, leggje hendene saman på ei bok (ei messebok eller ein Bibel), medan ættleiaren sa: Eg ættleier denne mannen til det godset som eg gjev han, til bøter og gåve, til sess og til sætes og til all den rett som lovboka vitnar og ættleiing skal ha etter lova.<sup>19</sup> Ættleinga skulle lysast kvart 20. år fram til den ættleidde tok arv, og i tillegg vart gjerne vitnemål om seremonien utferda skriftleg, sjølv om seremonien i seg sjølv etter lova var tilstrekkeleg.

## Ættleiing i diplomaterialet

Så langt om kva lova kan fortelja oss. Men kva seier diplomaterialet – kor vanleg var det å ættleie ungar til arv? Ein skal ikkje ha lese mange diplom, før ein veit at det ikkje nødvendigvis var veldig enkelt å få andre arvingar til å samtykkje i å dele, eller at dei neste generasjonane utan vidare godtok disponeringar som var gjorde før dei. Det er sjølvsagt ikkje eit særstyn for Landslova – eller lover i andre samfunn – å regulere ekteskap og med det ekte fødsel og med det kven som kan arve. Og det er heller ikkje eit særstyn at ein del ungar blir til utanfor desse *legitime* rammene. Som Mathilde Wergeland skriv:

---

<sup>15</sup> Medan Wergeland oppheldt seg i München mellom 1884 og 1886, var den tyske rettshistorikaren Konrad Maurer rettleiaren hennar. Maurer rådde og hjelpte henne også til å søkje Universitetet i Zürich, der ho disputerte på ættleingsavhandlinga i 1890. Gulliksen 2022.

<sup>16</sup> Wergeland 1890:261.

<sup>17</sup> Wergeland 1890:261–263. Etter Wergeland er det, så vidt eg veit, heller ingen andre som har bora i denne delen av ættleingsproblematikken. Kleven syner til at Sigurd jarl i Magnus Erlingssons saga (kap. 13) ber fetasko på føtene («fitskúa á fótum») i samband med slaget på Re, men det å bera skinnsko var ikkje akkurat noko særstyn mellomalderen. I sagateksten er dette også berre ei skildring av korleis Sigurd var kledd og kan ikkje knytast til nokon slags ættleingsseremoni. Kleven 2001:131.

<sup>18</sup> Robberstad 1960:46.

<sup>19</sup> «Ek ættleiði þenna mann til fiar þess er ek gef honom til giallz ok til giafar til sess ok til sætes ok till allz þess rettar sem ættleidingr a. at hafa at logum.» Landslova V, 8:494–95.

Det ettertragtellesverdige for den Uægtefødte bliver altid at gjøres jevngod med den Ægtefødte, hvad enten denne er kommen af et kristelig eller hedensk indstiftet Ægteskab. Principet har Lovene altid opretholdt, men Folkets Liv spotter ofte den bedste Theori og indfører en ganske anden Praxis, omendskjønt det anerkjender Lovenes Fortræffelighed.<sup>20</sup>

Ættleiing er altså eitt av fleire rettslege svar på uekte fødsel – eller *illegitim* fødsel som dei latinske kjeldene vil omtale det som. I hovudoppgåva mi frå 2004 såg eg på ulike type konsekvensar av brot på kristenrettens reguleringar kring sex og samliv, og i gjennomgangen av det til då utgjevne diplomaterialet fann eg om lag 200 saker som på eitt eller anna vis vitna om ekte og uekte slektskapstilhøve fordi nokon var ekte eller uekte fødd.<sup>21</sup> Av desse igjen var det om lag ti saker, som kan følgjast i eitt eller fleire diplom, som handla eksplisitt om ættleiing eller *arvleiiding*, som det også står.<sup>22</sup> Sju av ættleiingssakene omhandla presteungar, dei fleste er frå første halvdel av 1300-talet og påfallande mange går føre seg i Valdres. I éi av sakene er det ei kvinne som ættleier.

Det at den ættleide i Landslova vart flytta ned i andre arveklasse, på line med ektefødd son av frilleson, ektefødd sonedotter og ektefødd dotterson, vil seia at så lenge det fanst ektefødde ungar i første arveklasse i live, var det sjeldan det vart noko arv til den uektefødde – og med andre ord var det lite mon i, i alle fall økonomisk, å ættleie den uektefødde.<sup>23</sup> Av same grunn er det ikkje unaturleg at det i kjeldematerialet fyrst og fremst er presteungar som blir ættleide, sidan det fyrst og fremst er prestar som "berre" har uektefødde ungar utan ektefødde arvekonkurrentar.<sup>24</sup>

Prestane var også av dei som hadde noko å testamentere vidare, og ættleiing kunne synast lite naudsynt for dei lågare stilte, sidan dei ikkje hadde særleg med midlar som skulle fordelast når arven skulle gjerast opp.<sup>25</sup> Ein skal likevel ikkje sjå bort frå at sosial aksept og personleg ære også var viktig – både for ættleieren og den ættleide, særleg etter at kyrkjjas krav om legitimitet vart så gjennomgripande i lovverket.

Men ikkje alle ættleiingssakene i diplomaterialet vitnar om strid – eller ære og sosial status. I 1345 avtalar sira Håkon Alvsson med kollegaen sin, sira Brynjulv Haraldsson, at Brynjulv skal få gods og lausøyre frå Håkon, mot at Brynjulv tek vare på Håkon, med kost, klede, seng, herberge

---

<sup>20</sup> Wergeland 1890:268, fotnote 3.

<sup>21</sup> Berg 2004: Vedlegg 2.

<sup>22</sup> I tillegg finst det nokre arvesaker, der ættleiing eller arvleiing ikkje uttrykkjeleg er nemnt, men at det gjeld ættleiing, går fram av at uektefødde har fått arv eller arverett.

<sup>23</sup> Men status og anerkjenning kunne også vera viktig, og etter kvart som gåveinstituttet utviklar seg gjennom mellomalderen – med høve for arvlataren til å gje bort ein del av arven som testamentarisk gåve eller donasjon – ser me i fleire av ættleiingssakene at den ættleide får ei gåve eller ein jordeigedom sjølv om også det finst andre ektefødde arvingar som har betre arv. DN V: nr. 169, 7. april 1344; DN XXI nr. 657, 3. august 1493. Sjå også Berg 2004:131, 133.

<sup>24</sup> Holtan 1996:99.

<sup>25</sup> Holtan 1996:93.


og ein tenestekar resten av i livet.<sup>26</sup> I tillegg skal Brynjulf gje dotter til Håkon, Borghild, som han tidlegare har ættleidd, og mannen hennar 20 kyrlag, i slike varer som dei helst vil ha. Eit dokument som gjev eit lite innblikk i noko som vitnar om både omsorg og omtanke.

Me skal i det vidare sjå nærare på tre av ættleiingssakene frå 1300-talet. Først to som kan vera vitnemål om dei endringane om ættleiing som kom med Landslova, og der den eine av dei førde til ei avklaring som Landslova ikkje hadde tatt høgde for, og domen rett og slett vart til ei rettarbot. Til sist skal me ta for oss den mest dramatiske og grundigast dokumenterte ættleiingsstriden frå norsk mellomalder.

## Volbu-presten Ivar – tvist om gyldig ættleiing

11. desember 1316 stadfestar gulatingslagmannen Trond at Volbu-presten Ivar hadde to søner, Håkon og Eirik, som han og frilla hans rettmessig hadde ættleidd.<sup>27</sup> (Sjå fig. 1.) Med det set han strek for ein lang arvestrid som Besse Sigurdsson, systersonen til Ivar, hadde reist på vegner av seg sjølv, mor si og morsyster si (systrene til Ivar). Besse påstod at ættleiinga av ivarssønene ikkje var gyldig, av di han som samtykte i ættleiinga, Tord, bror til Ivar, døydde *før* Ivar. Difor meinte Besse at ivarsarven skulle ga til ivarssystrene Ingebjørg og Gro. Men lagmannen avviser altså kravet frå Besse, ved å vise til vitnebrevet frå ættleiinga, der både Tord og morfar Anders og mormor Sigrid til dei uekte gutane var til stades. Ættleiinga var også godkjend av Hauk lagmann og kong Håkon 5. Magnusson.<sup>28</sup>

Figur 1: Slehta til Ivar, prest i Volbu



<sup>26</sup> DN I: nr. 295, 17. juli 1345.

<sup>27</sup> DN I: nr. 148, 11. desember 1316. Sjå elles Berg 2004:126–127.

<sup>28</sup> RN III: [nr. 996–997] og DN VI: nr. 88, [før 11. desember 1316].

Det skulle etter lova ikkje vera naudsynt med noko anna prov på ættleiing enn rett seremoni og rette ord. Motivet for å gå til sak hjå den potensielle arvingen Besse er jo klart, men kvifor meinte han at ættleiinga var ugyldig berre av di Tord, samtykkjaren, var død før Ivar? Det *kan* ha å gjera med endringane i ættleiingsreglane som kom med Landslova, og som opna for nye tolkingar. Eitt av nymæla om ættleiing slo som me såg fast at den som samtykte i ættleiinga berre kunne tala på vegner av seg sjølv, og ikkje på vegner av umyndige eller ufødde. Den ættleidde skulle difor ikkje ha meir arv enn det som tilkom den som samtykte i arveretten hans eller hennar. Om Ivar ikkje hadde hatt ektefødde eller ættleidde arvingar, så hadde saka vore klar. Då måtte arven ned til tredje arveklasse, og der arva samfedra og ektefødd bror først – altså ein ektefødd bror med same far. Men om ektefødd bror mangla, så var det ektefødde og samfedra systrer som skulle arve. Og dét var moglegvis poenget til Besse, at sidan Tord som samtykte til ættleiinga døydde før Ivar, så var ikkje ættleiinga hans gyldig – fordi han etter nymælet berre kunne tala på vegner av seg sjølv. Då var det med andre ord dei ektefødde systrene Gro og Ingebjørg som skulle arve Ivar. Men nei, som Trond gulatingslagmann dømde, og som tidlegare Hauk gulatingslagmann og kong Håkon 5. Magnusson hadde stadfesta, ættleiinga var lovleg gjort: «Syntizst mer ættzleidingenn rett ok looghlegh en moteburdr Bessa onytr ok olooghlegh.»<sup>29</sup> Lagmannen understreka at Tord var «nestr till arfs sira Juars brodor sins» [som ektefødd bror av samfedra far] og samtykte i ættleiinga på vegner av seg sjølv, medan han var i live. Altså, han overførte den rettmessige arven sin, som skulle koma etter Ivar, til Håkon og Eirik. Sjølv om Tord så døydde før Ivar, kan det for lagmannen – og dei andre som hadde uttalt seg i saka før – ikkje ha umyndiggjort Tord eller ulovleggjort ættleiinga. Tord var ein arving, sjølv om han var ein død arving. Håkon og Eirik vart såleis verande ættleidde og fekk halde på arven dei hadde fått etter far sin, sira Ivar i Volbu.

Meister Herjolv, kannik i Oslo – usemje om rekkevidda av ættleiinga  
Noko anna som var eksplisitt uklart i Landslova, og som lagmennene hadde diskutert tidleg på 1300-talet, var om den ættleidde fekk full arverett i heile den ætta han eller ho vart leidd inn i, eller berre etter ættleiaren sjølv. Dette toppa seg i ein strid om arven til dei ættleidde ungane åt meister Herjolv, kannik i Oslo.<sup>30</sup> (Sjå fig. 2.) På vegner av kona si, Gudrun, og alle syskena hennar, stemna Ulv Toraldesson saka inn for lagmannen i Tønsberg. Gunnar på Rise ville nemleg ikkje gje Gudrun og syskena rett i arven etter fru Ragnhild, mor til meister Herjolv, sidan ho overlevde sonen sin.<sup>31</sup> Gunnars standpunkt, som han i første omgang fekk medhald i hjå

---


<sup>29</sup> DN I: nr. 148, 11. desember 1316.

<sup>30</sup> Berg 2004:127; Robberstad 1960:46.

<sup>31</sup> Det går ikkje fram av dokumentet kva slags relasjon Gunnar hadde til Ragnhild – og som gjer at han var motparten til Herjolvs ungar i denne saka. Men han må ha vore sjølv eller representant for eit anna barn eller barnebarn av Ragnhild, som også hadde lovleg arv etter henne.

lagmannen i Tønsberg, var at ættleiinga til Herjolv berre kunne gjelde arven etter han, ikkje også etter mor hans. Men andre lagmenn hadde som nemnt forstått dette ættleingskapittelet på ymist vis – «loghmenner undirstodo ættleidingar capitulum ymisligha» – og saka gjekk vidare til kongen for avklaring.

Figur 2: Slekta til meister Herjolv, kannik i Oslo



Den 28. mars 1318 sender så kong Håkon 5. Magnusson ut ein dom i den konkrete saka, som samstundes vart ei rettarbot der han, med råd frå dei visaste menn, tok på seg å forstå og greie ut om det kong Magnus Lagabøte i si tid hadde meint om dette punktet.<sup>32</sup> Og tolkinga vart at dei ættleide frå no skal ta all arv som kan tilfalle, på same måten som ektefødd son av eigen kone til den som ættleide.<sup>33</sup> Gudrun og syskena vart med det lovlege arvingar også til fru Ragnhild. Sjølv om kongen var øvste domsinstans, var det sjeldan han faktisk sjølv utøvde retten til å dømme. Men her greip han altså inn, då lagmennene ba om det. Me har ikkje fleire spor etter lagmennenes «ymisligha» forståing enn denne saka, men ho er truleg eitt av fleire dømme på dei tolkingsproblema som kom opp etter dei nye ættleingsreglane. Rettarbota kan seiast å ha klargjort og med det styrka posisjonen til den ættleide. Han eller ho fekk stadfest at dei hadde rett på all arv, som om dei var ektefødde, vel og merke i *andre* arveklasse.

<sup>32</sup> RN III: nr. 1050, [for 28. mars 1318]; DN IV: nr. 123, 28. mars 1318. Også trykt i NgL III: nr. 50: 128–131 og Norske middelalderdokumenter nr. 64:284 ff.

<sup>33</sup> "skal taka alla arfa sem til kunnu falla sem skilgetin eiginna kono sun þers sem arfleidi iamnan".



## Eirik, son av sira Håvard i Slidre – utfordring av ættleiinga si rettslege kraft

Attende i Valdres skal me sjå på den spennande og veldokumentert saka om arven etter sira Håvard i Slidre.<sup>34</sup> Om våren etter påske i 1322 vitnar fleire gode menn at dei var til stades då brørne Gudbrand, Torgeir, Håvard og Svein Berdorssøner skulle tinge om arven sin. Gudbrand, Torgeir og Håvard var prestar, og Håvard hadde born som dei tre hine brørne samstundes skulle samtykkje i ættleiinga av. (Sjå fig. 3.) Gudbrand og Torgeir gav tingsombodet til Svein. 1. august går det heile føre seg framom kyrkjedøra ved Hegge kyrkje i Øystre Slidre.<sup>35</sup>

Med dei rette orda etter lova, og med hendene på ei bok, ættleier sira Håvard sønene sine, Eirik og Tarald, og samstundes alle dei han seinare måtte få med mora, Ragndi Håkonsdotter.<sup>36</sup> Som brørne tidlegare hadde vorte samde om, var Svein der, på eigne og Torgeir og Gudbrand sine vegner, og som lovlege arvingar samtykte dei i ættleiinga. I tillegg var det mange andre vitne der som utferda brevet. Ættleiinga blir etterpå stadfesta ved eigne brev frå sira Gudbrand og sira Torgeir, der det også uttrykkeleg står kor mykje sira Håvard skal betala brørne som vederlag for fars- og morsarven deira; 16 kyrlag i varer og sylv, og kor mykje han sjølv og dei ættleidde ungane hans skal ha; 8 månadsmatbol (mmb) i Røyne, ein gard i Øystre Slidre.


*Figur 3: Slekt til Håvard, prest i Slidre*

---

<sup>34</sup> DN XXIII: nr. 6–10, 13–14, 20; DN V: nr. 180, 184; DN IV: nr. 294, våren 1322–18. november 1345; Berg 2004:128–131. Sjå også Aars 1985:241–270, der både 1600-talsavskriftene av dei fleste dokumenta og ei forsøksvis omsetjing av desse til moderne norsk er trykte i sin heilskap. Dokumenta ser ut til å ha vore i privat eige fram til 1960-talet. Avskriftene frå 1600-talet er på dansk, med ein del omsetjingar, ord- og namnetydingar som må vera misforståtte – og som gjer breva ikkje berre lette å tyde.

<sup>35</sup> Ved vestrøda, slik også må ha vore tilfellet då Volbu-presten Ivar ættleidde sønene sine i 1316 (DN I: nr. 148). I fylgje Ivar Aars hadde alle stavkyrkjene i Valdres dør mor vest, medan steinkyrkja i Slidre («Slidredomen» som framleis står i dag) – der ættleiinga av Ingeleiv Ivarsdotter i DN II: nr. 378 frå 1364 går føre seg, har dør i sør og nord, og døra i sørveggen på skipet er hovuddøra. I det ættleingsdokumentet blir også dette understreka, at det går føre seg utanfor «sudadurunum kirkiunnar a Slidrum». (Aars 1985:245.) Margareta Filippusdotter si ættleiing av sonen Jon går også føre seg «firir sudr durum» i Nikolaikyrkja i Bergen i 1338. (DN I: nr. 253.)

<sup>36</sup> Ikkje nok med det – det ser ut til at Håvard meiner at om Randi døyr, skal framleis ungane hennar (med ein annan) stå i denne ættleiinga, slik rettarbota frå 1318 poengterte. Dette punktet er litt vanskeleg å tolke ut frå den danske 1600-talsavskrifta: «Misszer Rangnj ved och gich hindes børn med andere kald siden da schulle de saa vere i dissee edtleding som de endnu ere forneffnde.»



Alt har tilsynelatande gått rett for seg, men nokre år seinare må noko ha vorte ugreitt, og i februar 1342 har arvetvisten kome heilt til kong Magnus Eriksson. Han stemmer herr Sigurd Erlendsson på Sandbu i Vågå til å koma til Valdres for å prove retten sin til inntektene frå dei 8 mmb i Røyne som han har hatt dei siste åra, og som han ikkje vil gje til den rettmessig ættleidde Eirik Håvardsson.<sup>37</sup> Det er Eirik sjølv som har teke saka til kongen (Tarald høyrer me ikkje meir til), og frå eit seinare brev syner det seg at herr Sigurd Erlendsson, riddar og storgodseigar, skal ha overteke desse 8 mmb av sira Gudbrand, ein av farbrørne til Eirik – som altså i si tid skreiv under på ættleiinga og arvefordelinga. Den 7. mai fell det dom i saka.<sup>38</sup> Eirik har møtt, med vitne, og Sigurd har sendt ein ombodsmann. Fleire karar og kvinner erklærer at gamle sira Håvard hadde dei omstridde 8 mmb i Røyne til han døydde i 1325, at herr Sigurd hadde teke landskyld av denne jorda dei åtte siste åra og at Eirik Håvardsson allereie for seks år sidan hadde kravd retten sin av Sigurd ved å syne til ættleiings- og samtykkjebrev fra 1322 – som òg var vedlagde dette domsbrevet frå 7. mai 1342. Sigurds ombodsmann har ingen prov eller vitne å leggje fram. Fire lagrettemenn dømmer at Eirik skal ha dei 8 mmb i Røyne til fullt eige, og at Sigurd må betala attende for landskylda han har motteke i åtte år.

Men lell er ikkje striden over. To år seinare, 8. juli 1344, ber kong Magnus stavangerbispen Guttorm Pålsson om å på nytt undersøke arvestriden.<sup>39</sup> No er det sira Torgeir, ein annan av farsbrørne til Eirik, som er vorten kannik i Stavanger, som har gått til kongen og påstår at Eirik

<sup>37</sup> DN XXIII: nr. 13, 24. februar 1342.

<sup>38</sup> DN XXIII: nr. 14, 7. mai 1342.

<sup>39</sup> DN XXIII: nr. 20, 8. juli 1344.

held attende den rettmessige fars-, mors- og brorsarven som Torgeir meiner han har krav på. Guttorm set i gang, og 14. juni året etter sender han brev til Eirik.<sup>40</sup> Der opplyser han at ein av kannikane hans, sira Torgeir, krev arven sin og stemner Eirik til Stavanger innan to månader med alle bevis han har – *madr allu profue ok skyllriki sem Du hafuir*. Trass i, som *me* veit, at også sira Torgeir var med og skreiv under på ættleiinga av Eirik i si tid.<sup>41</sup> Sira Steine gråskalle blir sendt nordover til Valdres med brevet, og der skal han ha framført ærendet sitt for Eirik i prestegarden i Lomen i Vestre Slidre 15. august 1345.<sup>42</sup>

På domens dag seinare på hausten, 16. november 1345, møter ikkje Eirik opp i Stavanger – men sira Torgeir er sjølv sagt der, og han vinn saka. I domsbrevet av 18. november blir alt godset Eirik overtok etter far sin, gamle sira Håvard, inkludert dei 8 mmb i Røyne, frådømt han, og heile arven etter Håvard, «godz laust ok fast sem sira Hafwarder [...] atte aa sidastadaughum sinum» (laust og fast som Håvard eigde på dei siste dagane sine) går til broren Torgeir.<sup>43</sup> Eirik blir i tillegg dømt til å betala bøter og erstatning til Torgeir for tapt landskyld. Domen mæler ikkje eitt ord om ættleiingsbrevet og dei seinare stadfestingane av dette og ikkje eitt ord om kva grunnlag domsmennene dømmer på – anna enn at Eirik ikkje møtte opp i Stavanger. Sjølv om dette er ei uvanleg godt opplyst sak frå diplomaterialet – med tanke på kor mange dokument over fleire år som er bevarte – er det framleis mange spørsmål knytt til kva som kan ha skjedd. Sett i ettertid kan det sjå ut som om urett vart gjort, ja det er freistande å karakterisere det som eit justismord. Me veit at opptil fleire brev har prova Eirik sin soleklare arverett, og farbrørne hans sitt samtykkje til ættleiinga. Men kvifor møtte då ikkje Eirik opp i Stavanger – med provsbreva sine? Det var ikkje gått fulle to månader frå sira Steine gråskalle las opp stemninga for han i Valdres – eller gjorde han det? Dokumentet som provar at Eirik fekk opplesen stemninga «nesta eftir Marie messo fyrre», altså 15. august, er utferda ikkje av sira Steine Gråskalle, men av to andre geistlege frå Stavanger – ein kannik og prebendarius<sup>44</sup> ved Mariaaltaret – 28. september, og er utan stad.<sup>45</sup> Sira Steine Gråskalle høyrer me ikkje noko frå. Saka vart teken opp 16. november og domen fall 18. november. Viss ein legg eit konspiratorisk slør over det heile, kan me sjå for oss at bispestolen i Stavanger her handla etter heilt eigne eigedoms- og arveinteresser, og konstruerte ein retts- og saksgang slik at sira Torgeir fekk arv han tidlegare hadde sagt frå seg.

---

<sup>40</sup> DN V: nr. 180, 14. juni 1345.

<sup>41</sup> På nokre av breva skal segla til eit par av brørne ha vore med; av og til Svein, alltid Gudbrand, men aldri Torgeir sitt. Han åtte ikkje segl sjølv, seier han i DN XXIII: nr. 9 og 10, [etter 1. august 1322]. Kan det vera difor han har prøvd seg 20 år etter?

<sup>42</sup> DN V: nr. 184, 28. september 1345.

<sup>43</sup> DN IV: nr. 294, 18. november 1345.

<sup>44</sup> Altarprest, men ikkje kannik.

<sup>45</sup> DN V: nr. 184, 28. september 1345.

Eller kan det vera eit ønske frå dei geistlege ved domkapittelet om å markere eit tydeleg signal om at sølibatet måtte respekterast? Eirik var jo ein presteson, og saka gjekk føre seg i ei tid då fleire framstående geistlege arbeidde aktivt for å fremja og setja makt bak sølibatskravet, som ikkje berre kyrkja, men også allereie Magnus Lagabøte prøvde knesetja.<sup>46</sup> Men denne sida av saka vart ikkje nemnd i domsbrevet frå Guttorm på nokon måte, så det spørst vel heller om det er kollegiale og økonomiske omsyn som har trumfa det heile, når biskopen dømde til fordel for ein av sine egne kannikar.

Saka gjekk føre seg i tiåra fram mot svartedauden, og som me veit vart pesten eit hardt slag ikkje berre mot folk og samfunn på 1350-talet, men den – og seinare peståtak – skaka og braut opp i samfunnsstrukturar, både lokalt og nasjonalt. Ikkje minst vart eigedomsstrukturar brotne og eigedomstilhøve uklare. Også kyrkja, som i alle fall rundt domkapitla ved bispestolane hadde ein utbygd administrasjon med jordebøker og arkiv, vart ramma hardt. Store delar av presteskapat døyde – også Stavanger-bispen Guttorm<sup>47</sup>, og i dei følgjande åra var utskiftinga stor: Sigfrid var bisp til 1352, deretter Gyrd frå 1354–55, før Botolv tok over i 1355. Han måtte, til liks med bispane i dei andre bispedøma, grunna prestemangelen søkje paven om dispensasjon til å få tilsetja prestar som eigentleg ikkje var kvalifiserte, til dømes dei som var uektefødde.<sup>48</sup> Kva skjedde med arven Torgeir fekk tildømt, i dette potensielle kaoset?

Det kan sjå ut som om den aldri kom på Torgeirs hender. Sira Torgeir overlevde sjølve svartedauden, men i 1355 skreiv han testamentet sitt; sjuk, men åndsfrisk.<sup>49</sup> Der står det ingenting om korkje Røyne eller andre eigedomar eller arv som kan knytast til familien hans. Men det kan vera Eirik, som tapte i 1345, han gjev noko sengeklede: «jtem Eiriki frenda minum ii høghende, ii bædi par linlaka ok salun». Har dei i så fall skværa opp?

Me veit ikkje. Men både fe og frendar døyr, og i fjellbygdene på Austlandet vart det mannefall utover i seinmellomalderen. Uavhengig av kven som sat med eigedomsretten, må Røyne-garden på eit tidspunkt ha vorte lagt øyde. I skattelistene tidleg på 1600-talet er garden oppført som øydegard, men drifta vart teken opp att og i følge Skattematrikkelen av 1647 var det heileigd bondegods; ein såkalla halvgard (betalte halv skatt) tilhøyrande «Michel Rønne».<sup>50</sup> Det er såleis interessant at alle ættleings- og samtykkje-dokumenta som Eirik hadde, men som saman med han

---

<sup>46</sup> Gunnes 1982:24–28.

<sup>47</sup> Islandske annalar, jf. Ersland 2012:149.

<sup>48</sup> DN VI: nr. 234, 31. mai 1357.

<sup>49</sup> DN IV: nr. 374, 13. mars 1355.

<sup>50</sup> Skattematrikkelen 1647, IV Oppland fylke: 84. Beitrusten 1987: 210. Geir Beitrusten skriv i Valdres bygdebok at garden vart delt rundt 1640, i Uppigarden og Niégarden, men enno i Skattematrikkelen av 1647 ser det ut til å vera berre ein brukar på Røyne.

ikkje nådde fram til bispens domstol i Stavanger i 1345, er bevarte som avskrifter frå 1600-talet, oppbevarte nettopp på garden Røyne fram til 1965, då i eiga til Tidemann T. Røyne.<sup>51</sup> Kvar originalane var og hadde vore sidan 1300-talet, er ikkje godt å veta, men sidan dei vart skrivne av på ei blanding av 1300-talsnorsk og 1600-talsdansk, må det vel tyde at det var viktig for innehavarane av dokumenta å kunne forstå og bruke innhaldet. Kanskje var det Mikkel Røyne som fekk gjort avskriftene i stand, då han tok opp att drifta? At det har vore strid om eigedomsretten til Røyne, ser i alle fall ut til å ha vore klart for dei som sat med garden opp gjennom hundreåra. Skriftlege ættleingsprov var ikkje minst viktige, sidan ei gyldig ættleing på mange vis føresette eit dokument for å bevare rettskrafta si. Det var truleg lettare å argumentere for slektsskapsliner og arverettskrav bakover i generasjonane utan skriftleg prov, enn det var å argumentere for ei ættleing utan skriftleg prov, sidan ættleinga trass alt kravde både ein rett seremoni og ikkje minst samtykkje frå andre.

## Kvifor bispens domstol?

Viss me løftar blikket frå detaljane, er eit interessant spørsmål ved denne saka kvifor – eller korleis – ho til slutt gjekk for bispens domstol? Då kong Magnus Eriksson første gong sette i gang gransking av saka i 1342, var det fire verdslege lagrettemenn som dømde i Eiriks favor. Men då kongen på nytt gjev brevbod om gransking, i 1345, er det stavangerbispemenn Guttorm han gjev ombodet til – etter at han altså *først* hadde medverka til at Eirik Håvardsson fekk retten sin i ein verdsleg domstol i 1342. Nokon ser ut til å ha snakka saman.

For å prøve nøste opp i dette må me attende til forliket mellom konge og kyrkje i etterkant av Landslova, Sættargjerda frå 1277, der kongen i artikkel 2 gjev avkall på all jurisdiksjon i saker «som høyrer kyrkja til». Så høyrer denne saka til kyrkja? Saker om frilleliv gjer det – eit klassisk kriminalrettsleg brot på kristenretten (døme *på ratione materiae*).<sup>52</sup> Men denne saka handla jo tilsynelatande ikkje om frillelivet til sira Håvard i si tid, men om konsekvensane av dette og den arvestriden som oppstod etter den verdslege ættleinga. Sidan ein av interessentane her, sira Torgeir, var prest, kan bisp Guttorm og kyrkja ha argumentert med at dette var eit såkalla *klerkemål* som kyrkja også ville ha domsrett over. Klerkemål var saker som på ulike vis handla om prestar og deira eventuelle brotsverk, her også sivilrettslege saker der prestars (*ratione personae*) eller kyrkjens eigedom eller gåver på eitt eller anna vis vart utfordra eller saksøkt. Også visse saker som omhandla dei skattefrie mennene som erkebiskopen hadde i si teneste, til dømes dei såkalla

---

<sup>51</sup> Dei vart deretter kopierte av Norsk Historisk Kjeldeskrift-institutt og teke med i band IV og V av Regesta Norvegica. Seinare er 1600-talsavskriftene trykte i band XXIII av Diplomatarium Norvegicum.

<sup>52</sup> NgL II: VI nr. 3: 470. Sættargjerda er også omsett og trykt i Norske middelalderdokumenter nr 29:136–151. Seip 1942:112.

setesveinane, erkebiskopens vasallar, kunne skytast inn under erkebiskopens domsmakt, om setesveinane ynskte det.<sup>53</sup> Men kunne denne eigedomssaka etter lova sjåast som eit klerkemål?

Sættargjerda slo altså fast at klerkemål omfatta saker der det var strid prestar imellom og saker der prestar vart saksøkt av lekfolk: «Klerka maal þa er þeir þræta millum sin edr þæir sækiaz af leikmænnum.»<sup>54</sup> Jon Raude hadde tidleg i tingingane på 1270-talet prøvd seg med krav om eit endå vidare bruksområde: at klerkemål også skulle omfatte tvistemål *der lekmenn var saksøkt av klerkar* – som jo er vårt tilfelle. Det var sira Torgeir som gjekk etter arven til Eirik. Men sjølv om den endelege Sættargjerda avviste dette, gjekk ifølgje Jens Arup Seip erkebiskop Jon så langt, at då han ikkje fekk gehør for kravet sitt i Sættargjerda, forfalska han dette punktet i egne avskrifter, eller truga dei med bann, dei som la seg etter kyrkjeiegedom.<sup>55</sup> Motreaksjonen vart desto sterkare, då stormennene i formyndarstyret til Eirik Magnusson slo attende mot kyrkja etter at Magnus Lagabøte var død. I kong Eiriks alminnelege rettarbot frå 1280 blir det slått fast at alle eigedomstvistar skal avgjerast av lagmann og sysselmann, anten det er prestar eller lekfolk– «lærðr menn eða leikmenn» – som klagar inn saka.<sup>56</sup> Rettarbota er såleis tydeleg på, at i eigedomstvistar kan ikkje kyrkja – same kven som klaga inn saka – påkalle seg klerkemål. Jon slår attende med eige statutt i 1280, og etter tur lyser då formyndarstyret Jon utleg, og Jon lyser dei i bann. Det har vore stor usemje mellom forskarane korvidt det var kyrkjas jurisdiksjonsrett som var det springande punktet i striden, eller om det var andre økonomiske eller politiske forhold som vog tyngre.<sup>57</sup> Jens Arup Seip, med si doktoravhandling om Sættargjerda frå 1942, legg avgjerande vekt på det han meiner er stormennene si prinsipielle avvising av kyrkjas jurisdiksjonsrett, medan Sverre Bagge meiner det ikkje er snakk om ei prinsipiell eller generell avvising av kyrkjas domsrett dei opponerer mot, men særskilte og konkrete saker dei var misnøgde med, knytt mellom anna til skattlegging og domsrett over eigedom og ekteskap – saker som var i lekfolks interesse.<sup>58</sup> Og sjølv om Jon truga dei som la seg etter kyrkjeiegedom med bann, ser det ut til å ha vore andre kampar som vart viktigare for kyrkja i oppfølginga av Sættargjerda, enn å gå etter lekfolks eigedom gjennom rettsapparatet. Sjelegåver og andre donasjonar, for at prestskapet kunne be og

---

<sup>53</sup> Artikkel 15 i Sættargjerda. (NgL II: VI nr. 3: 473.) Det galdt strafferettslege saker – bortsett frå drap og lemlesting – som gjekk føre seg på garden til erkebiskopen, på skipet hans eller i fylgjet hans. Om brotsverket skjedde andre stader, kunne klagaren velja mellom erkebiskopens eller kongens domstol, og bota skulle delast dei imellom. Seip 1942:106.

<sup>54</sup> NgL II: VI nr 3:470; Seip 1942:111, note 2.

<sup>55</sup> Seip 1942:113–14, 206. I Jons eige statutt av 1280 (NgL III: II: 229–230), også trykt i Norske middealderdokumenter nr. 33:164–166.

<sup>56</sup> NgL III: I nr 1: 8; Norske middelalderdokumenter nr. 32:162–63.

<sup>57</sup> Bagge 2008:202–04.

<sup>58</sup> Bagge 2008:207, 211, 223.

lesa messer for sjelene til dei døde, vart nok ein langt meir effektiv måte for kyrkja å auke jordeigedomsressursane sine på.

Likevel – saka om arven etter sira Håvard kom altså til Stavanger-biskopen Guttorm og ein kyrkjeleg domstol, og er såleis eit døme på at i praksis kan det vera både makt og pragmatisme som rår. Som Seip skriv: «Når det gjelder tvistemål mellem lærde og lege om eiendom, ser forholdene i det 14. århundre nokså broket ut.»<sup>59</sup> Sira Torgeir tek saka til kongen, kong Magnus delegerer saka til bisp Guttorm, og såleis er det synspunktet til Jon Raude – og ikkje Sættargjerda eller langt mindre rettarbota av 1280 – som får gjennomslag i dette tilfellet.<sup>60</sup> Om kongen såg det som eit klerkemål, eller om han ikkje var interessert nok i denne enkeltsaka, er uklart. Det kan også vera sterke geistlege interesser rundt kongen, som til dømes Arne Aslaksson, som var klerk hjå Magnus desse første åra av 1340-talet og seinare kanslar, som har påverka kongen til å sende saka til Stavanger-biskopen.<sup>61</sup> Det er i alle høve vanskeleg å bruke denne éine saka som eit argument for klare slutningar om at kyrkja var den sigrande parten i striden om domsretten etter Sættargjerda, eller om kongen var minst like sterk – som forskarar har debattert like sidan Seip sitt arbeid.<sup>62</sup> Men, som også Seip påpeiker, så «synes det å klebe særlige eiendommeligheter ved» denne og fleire av dei sakene biskopen overtok på 1300-talet.<sup>63</sup> Og uavhengig av motivasjon, kongen verka vera lei av saka og var i alle høve tydeleg på at Guttorm måtte få ferdigstilt ho, med dom etter lova, slik at «þetta mall þurfui æi optare firir oss koma».<sup>64</sup>

Sjølv om det var sira Torgeir som på nytt tok saka til kongen i 1344, kan det vera herr Sigurd Erlendsson som har trekt i trådane? Det er litt uklart kva rolla hans i den siste runden var. Han blir berre nemnd indirekte, ikkje som part i saka, og enden på visa blir jo at sira Torgeir også blir tildømt dei 8 mmb i Røyne som herr Sigurd hadde hatt inntektene frå. Men kan det ha vore eit ledd i dei norske stormennene, der herr Sigurd var ein sentral figur, sine tingingar og posisjoneringar mellom kongen og kyrkja? Denne eigedomsstriden går føre seg samstundes som stormennene får gjennomslag for at sonen til Magnus, Håkon, skal hyllast som framtidig norsk konge når han vart myndig i 1355, og samarbeidet mellom dei og kongen skal ha vorte betre etter hyllinga av Håkon i 1343–44. Er det difor i neste omgang eit uttrykk for godvilje, både overfor kyrkja og nordmennene, at kongen gjev domsrett i denne saka til kyrkja? Eller handlar det ikkje om manøvreringar på topplanet i det heile, men er berre nok eit døme på bygdakrangel mellom

---

<sup>59</sup> Seip 1942:210.

<sup>60</sup> Seip 1942:113–14.

<sup>61</sup> [https://nbl.sn.no/Arne\\_Aslaksson](https://nbl.sn.no/Arne_Aslaksson)

<sup>62</sup> Bagge 2008:202–203.

<sup>63</sup> Seip 1942:210.

<sup>64</sup> DN XXIII: nr. 20, 8. juli 1344. Slik at «denne saka treng ikkje oftare framføre oss koma».

valdrisar og ottadøler – om fiske- og eigedomsrettar over Valdresflya – som det er mange av i kjeldene den første delen av 1300-talet?<sup>65</sup> Då er me i så fall attende på lokalplanet, og me kan ta opp det siste store spørsmålet: Kva er det med Valdres?

## Valdres – særleg problem med sølibatet?

Kvifor er preste-ættleiingssakene så hyppige – og tydelegvis oppfatta så uproblematiske – i Valdres? Er det av di Valdres er så avsides i ytterkanten av bispedømet, som me jo tydeleg såg i saka til Eirik, og valdrisane svært langt unna sitt religiøse overhovud, bispen?<sup>66</sup> Det var langt og kronglut frå Valdres til Stavanger i mellomalderen. Samstundes var truleg Valdres av dei områda i innlandet som trass alt hadde nærare kontakt med sentralmaktene, og ifølgje Andreas Holmsen «hadde en særskilt betydning som samband mellom Østland og Vestland.»<sup>67</sup> I desember 1368, til dømes, veit me kong Håkon 6. for forbi – truleg på veg til Bergen – og stadfesta ved Vangskyrkja to domsbrev om ein eigedomstvist i Volbu.<sup>68</sup>

Om me derimot tek eit steg attende og ser på det meir overordna spørsmålet om sølibat, verkar det ikkje eigentleg som om Valdres er i noko særstilling. Kyrkja prøver allstad å få bukt med denne problematikken tidleg på 1300-talet. Fleire godt skulerte biskopar, mellom andre Arne og Audfinn Sigurdsson og Håkon Erlingsson, som me kjenner frå Bergens kopibok, fører ein aktiv politikk for å følgje opp kristenrettslege problemstillingar og lovbrøt, som sølibatskravet og ekteskapsreglane.<sup>69</sup> I erkebiskop Eiliv sitt fjerde statutt frå 1327 minner han om at prestane er plikta å gje ein del av arven sin til kyrkja, og peikar på det problemet at prestane let arven gå til frendane sine, og då særleg «dei søner og døtrer dei på smussig vis har skaffa seg» i «utillateleg og forbode frilleliv». <sup>70</sup> Erkebiskop Pål Bårdsson følgjer opp i sitt første stautt i 1334 og forbyr prestar som har levd i «notorisk konkubinat» å gravleggjast innanfor kyrkjemurane – og frillene deira blir truga med ekskommunikasjon.<sup>71</sup>

Men erkebiskopanes masing førde til lita endring. Erik Gunnes, i sin velkjente artikkel frå 1982 om prestar og deier og sølibatskravet, kommenterer denne saka frå Valdres der sira Håvard også vil ættleie mogelege framtidige ungar han får med Ragndi, som eit døme på, «hvor ubekymret

---

<sup>65</sup> Teigum 2001:199–207.

<sup>66</sup> Både Valdres og Hallingdal følgde med då Stavanger bispedøme vart utskilt frå Bjørgvin bispedøme i 1125, truleg av di Stavanger rett og slett ikkje skulle bli for lite. I tillegg følgde Eidfjord også med, slik at bispedømet skulle henge saman over fjellet. Det var likevel langt frå Stavanger til Slidre.

<sup>67</sup> Holmsen 1982:18.

<sup>68</sup> DN X: nr. 70, 13. desember 1368.

<sup>69</sup> Tryti 1987:165, 179–189.

<sup>70</sup> NgL III: II nr 7:273–74.

<sup>71</sup> NgL III: II nr 9:280.



presten på landsbygda likevel kunne være av det hele».<sup>72</sup> Han spør vidare om ein ikkje kunne forvente at den klerikale eliten ved domkapitla, altså kannikane og dei andre prestane ved domkapitla, gjekk føre i bispanes uttrykte sølibatsstrev, men svarar at, nei – ingen ting tyder på at dei gjorde det. I ættleingssaka frå 1338, der Margareta Filippusdotter ættleide sonen ho hadde med kanniken Halldor Jonsson, ser me døme på at også i Bergen i første delen av 1300-talet, med biskopane Arne, Audfinn og Håkon, som aktivt prøvde følgje opp kristenretten, var det rom for kannikar med friller.<sup>73</sup> Under svartedauden må erkebiskop Olav i 1351 berre medgje at prestane på usedeleg vis oppsøker ureinheitsstank, dei knyter til seg friller openlyst på gardane sine, og ikkje nok med det, seier Olav, frekt bind dei seg til dei med «avtaler, gaver eller andre troskapsløfter, i nærver av frendene deres, likesom legfolk».<sup>74</sup> Olav går deretter til steget å truge med ekskommunikasjon også av prestane, om ikkje bøter, suspensjon og avsetjing verkar. Det er lite truleg, likevel, at trugsmåla er avskrekkande i særleg grad, sidan prestemangelen var særleg stor etter svartedauden, og i alle bispedøma trong dei kvart presteemne dei kunne få – som me såg i brevet frå stavangerbisp Botolv til paven i 1355. Slike brev finn me frå alle bispedøma i siste halvdel av 1300-talet.

Ifølgje Anne Irene Riisøy var det ingen *strafferettsleg* behandling av dei sakene der me i kjeldene møter prestar som har friller– men dei vart følgde opp slik me har sett, med interne kyrkjelege straffar som bøter og trussel om avsetjing og bannsetjing.<sup>75</sup> Til lita nytte, ser det ut til – problemet varte ved og Gunnes meiner prestefriller var, gjennom heile seinmellomalderen, ein akseptert sedvane: «Sølibat og ‘renlevnet’ forble et ideelt krav, som et meget stort antall prester fant urimelig eller sogar umulig å oppfylle.»<sup>76</sup> Men viljen – og behovet – deira til å ættleie ser ut til å gå nedover, i alle fall om me skal døme ut frå talet på dei veldig få eksplisitte ættleingssakene på 1400- og 1500-talet i diplomaterialet. Dét handlar truleg også om at kyrkjjas kanoniske adopsjonsinstitutt vinn fram som ei form for ættleing – altså at barn kan leiast inn i ætter som dei ikkje har noko biologisk slektskap med. Dette vart kodifisert i Kristian IVs norske lov i 1604 (IV 8), men der med det innskjerpa kravet at ungene skulle vera ektefødde i *utgangspunktet* for å kunne ættleiest i denne tydinga.<sup>77</sup>

---

<sup>72</sup> Gunnes 1982:28.

<sup>73</sup> DN I: 253, 11. september 1338. Fleire døme på kannikar med friller i Biskop Laurentius saga kap. 11, 12 og kap. 16. (Pollestad 2001:51–53, 61.)

<sup>74</sup> Gunnes 1982:26, NgL III: II nr. 13:301f.

<sup>75</sup> Riisøy 2000:29. Riisøy argumenterer for at sakene vart behandla som interne klerkemål, fordi dei omhandla prestar, og ikkje som kristenrettsbrot, som skulle strafferettsleg forfylgjast.

<sup>76</sup> Gunnes 1982:40.

<sup>77</sup> Hamre m.fl. 1976:603, 607; Kleven 2001:132–133.

## Avslutning

Alle samfunn har reglar for korleis eigedom skal overførast mellom generasjonar, og kyrkja sitt syn på kva som var lovleg inngåtte ekteskap og kva som var legitimt fødde barn kom til å prege også dei verdslege arvelovene i mellomalderen. Men «Folkets Liv spotter ofte den bedste Theori og indfører en ganske anden Praxis», som Mathilde Wergeland skreiv, og ættleiing er eitt av mange institutt i arvelovene der me får innblikk i korleis samfunnet handterte det faktum at mange ungar vart fødde i alt anna enn lovleg inngåtte ekteskap.

Éi av årsakene til at me finn særleg mange ættleiingssaker i diplomaterialet på 1300-talet, må vera at endringa frå landskapslovene til Landslova – der den ættleidde vart flytta frå første til andre arv – slo inn, og ættleiinga vart difor i fleire tilfelle utfordra, så den nye retten måtte bötast på etter kvart.

## Kjelder

DN = Diplomatarium Norvegicum. Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre Forhold, Sprog, Slægter, Sæder, Lovgivning og Rettergang i Middelalderen. Utg. ved C.C.A. Lange m.fl. Vol I–XXIII.: Norsk Historisk Kjeldeskrift-institutt/Arkivverket. Christiania/Oslo 1847–2011.

Gulatinglova = Den eldre Gulatingslova. Utg. ved Bjørn Eithun, Magnus Rindal og Tor Ulset. Riksarkivet. Oslo 2004.

Frostatingslova. Utg. ved Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes. Det Norske Samlaget. Oslo 1994.

Landslova = Kong Magnus Håkonsson Lagabøtes landslov. Utg. ved Magnus Rindal og Bjørg Dahle Spørck. Arkivverket. Oslo 2018.

Magnus Lagabøters Landslov. Utg. ved Absalon Taranger. Cammermeyers boghandel. Christiania 1915.

NgL II = Norges Gamle Love indtil 1387. II. Utg. ved Rudolf Keyser og Peder A. Munch. Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Christiania 1848.

NgL III = Norges Gamle Love indtil 1387. III. Utg. ved Rudolf Keyser og Peder A. Munch. Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Christiania 1849.

Norske middelalderdokumenter. I utvalg ved Sverre Bagge, Synnøve H. Smedsdal og Knut Helle. Universitetsforlaget. Bergen–Oslo–Tromsø 1973.

RN = Regesta Norvegica. Utg. ved Sverre Bagge m.fl. Vol I–X. Norsk Historisk Kjeldeskrift-institutt/Arkivverket. Oslo 1978–2015.

Skattematrikkelen 1647, band IV Oppland fylke. 2. utg.. Universitetsforlaget Oslo–Bergen–Tromsø 1992.

## Litteratur

Aars, Ivar 1985. Stormannstrid um Røyne. Valdresdiplom 12. Årbok for Valdres. Vol 62, 241–270.

Bagge, Sverre 2008. 'Salvo semper regio iure' Kampen om Sættargjorden 1277–1290. Historisk tidsskrift, bd 87/2, 201–224.

Bandlien, Bjørn 2001: Å finne den rette. HIFOs skriftserie nr 5, Den norske historiske forening. Beitrusten, Geir 1987. Valdres bygdebok 1. Gardar og slekter i Øystre Slidre. A. Hegge og Lidar. Valdres bygdeboks forlag.

Berg, Sigrun Høgetveit 2004. Kristenrettspraksis i norsk seinmellomalder. Hovudoppgåve i historie. Universitetet i Tromsø.

Ersland, Geir Atle 2012. Domkapitlets by. Geir Atle Ersland og Arne Solli (red.), Stavanger bys historie. Bd 1. Bispeby og borgarby – frå opphavet til 1815. Wigestrands forlag, 129–152. Stavanger.

Gulliksen, Øyvind T. 2022. Agnes Wergeland. Norsk biografisk leksikon på snl.no. Henta 12. september 2022 frå [https://nbl.snl.no/Agnes\\_Wergeland](https://nbl.snl.no/Agnes_Wergeland)

Gunnes, Erik 1982. Prester og deier – sølibatet i norsk middelalder. Steinar Imsen og Gudmund Sandvik (red.), Hamarspor. Eit festskrift til Lars Hamre, 1912 – 23. januar – 1982. Universitetsforlaget, 20–44. Oslo–Bergen–Tromsø.

Hamre, Lars m.fl. 1976. Ættleiiing. Kulturhistorisk leksikon for Nordisk Middelalder (KLNLM), band 20, spalte 603–613.

Helle, Knut 2021 [2001]. Gulatinget og Gulatingslova. Skald. (2. utg.)

- Holmsen, Andreas 1982. Integreringen av innlandsdistriktene i det gammelnorske riket. Steinar Imsen og Gudmund Sandvik (red.), Hamarspor. Eit festskrift til Lars Hamre, 1912 – 23. januar – 1982. Universitetsforlaget, 9–19. Oslo–Bergen–Tromsø.
- Holtan, Inger 1996. Ekteskap, frillelevnad og hor i norsk høgmellomalder. Det Norske Samlaget. Oslo.
- Jørgensen, Jens Ulf m.fl. 1976. Ægteskab. Kulturhistorisk leksikon for Nordisk Middelalder (KLNLM), band 20, spalte 482–501.
- Kleven, Hans I. 2001. Norrøn arverett og samfunnsstruktur. Falken forlag. Oslo.
- Pollestad, Kjell Arild 2001. Kirkeliv i nord før Svartedauden. Biskop Laurentius' saga. Cappelen. Oslo.
- Riisøy, Anne Irene 2000. Stat og kirke: Rettsutøvelsen i kristenrettssaker mellom Sættargjerden og reformasjonen. Hovedoppgave i historie. Universitetet i Oslo.
- Robberstad, Knut 1960. Fyreslesningar um retts saga i millomalder og nytid. II. (3. utg.). Universitetsforlaget. Oslo.
- Seip, Jens Arup 1942. Sættargjerden i Tunsberg og kirkens jurisdiksjon. Det Norske videnskapsakademi i Oslo.
- Teigum, Ivar 2001. Bygdebok for Vågå og Sel. Band 1: Frå dei eldste tider til 1600. Sel kommune og Vågå kommune.
- Tryti, Anna Elisa 1987. Kirkeorganisasjonen i Bergen bispedømme i første halvdel av 1300-tallet. Hovedoppgave i historie. Universitetet i Bergen.
- Wergeland, Mathilde 1890. Ættleiðing. En maade at indføre uægte Børn i Slægten i gammelnorsk Ret. Tidsskrift for Retsvidenskab. 257–280.

